

## Fire fokus for god matematikkundervisning

Holmboeprisen vert kvart år delt ut til lærarar som har utmerka seg i arbeid med matematikkfaget i grunnskule eller vidaregåande skule. I dette nummeret har me med tekstar frå vinnaren, Hanan Mohamed Abdelrahaman, samt tre av dei seks som fekk heidersomtale: Anne-Marit Selstø Rathke, Renate Jensen og Lura skule representert ved Monica Gilje Rennemo, Laila Karin Olsen Meberg og Wenke Leonora Søvik. Prisen gir eit positivt fokus på matematikk i skulen og er ein måte å verdsetja god matematikkundervisning på. Så kva legg desse dyktige lærarane vekt på i undervisninga? Ein kunne tru at det er ulike ting. Men trass i at dei kjem frå ulike delar av landet eller soknar til bestemte tradisjonar som til dømes russisk matematikk, er det langt fleire fellestrekk enn ulikskapar. Eg har gått gjennom tekstane og identifisert fire fokus som alle i større eller mindre grad legg vekt på:

Dei ser på *læring som forståing*. Læring er meir enn pugg og mekanisk rekning, det handlar om å forstå omgrep og kopla saman matematiske tema til heilskapleg forståing. Elevar som utforskar og resonnerer, som er kreative, kritiske og analytiske, vert lyfta fram som viktige mål. Alle er ambisiøse på elevar sine vegne, det skal vera eit læringstrykk.

Elevar må *oppleva matematikk som relevant*.

Dei skal oppleva at dei har bruk for matematikk, både no og i framtidige yrker. For å oppnå dette trekkjer forfattarane fram det å inkludera praktiske og konkrete utfordringar som elevar ynskjer å rekna på – elevar må erfara faget sin nytteverdi. Artikkane om matematikk i kystfiske og i fysioterapi er konkrete døme på matematikk i bruk.

Lærar må leggja til rette for *matematikkfaglege samtalar*. Det er eit mål at elevar uttrykker seg munnleg i matematikk, at dei utviklar matematisk språk og omgrep gjennom aktivt å delta i læringssamtalar. For å få til matematiske samtalar med høg kvalitet vert det å stilla gode spørsmål lagt vekt på, og ein må vera medviten at aukande språkleg mangfald både stiller nye krav og gir nye mogelegheiter.

Alle trekkjer fram *motivasjon og matematikkglede*. Det er eit viktig fokus at elevar skal verta glade i å arbeida med matematikk og utvikla ei positiv innstilling til faget. Å leggja til rette for at elevar vert engasjerte, motiverte og har lyst til å læra matematikk kan alle som er opptekne av matematikkundervisning ta med seg.

Tangenten støttar desse fire fokusa, og inspirasjon til å omsetja dei til praksis kan hentast frå Erfjord og Hundeland sin tekst om lærarsamarbeid.

